



Nærøfjorden  
verneområdestyre

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:**  
**Dato:** 12.05.2026  
**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 12/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 13/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 14/26	Orienteringar og referatsaker		
ST 15/26	Saksframlegg - høyringsuttale - Nærøyfjorden verneområdestyre - Utredning av organisering av verneområdeforvaltninga		2024/18199

**ST 12/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 13/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 14/26 Orienteringar og referatsaker**



Arkivsaksnr: 2024/18199-5

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 08.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	15/26	12.05.2026

## Saksframlegg - høyringsuttale - Nærøyfjorden verneområdestyre - Utredning av organisering av verneområdeforvaltninga

### Innstilling frå forvaltar

Dagens modell med delt ansvar, der styret har vedtaksmyndigheit og disponerer forvaltaren sin arbeidstid medan statsforvaltaren har arbeidsgjevar- og personalansvar kan nokon gongar vere utfordrande, men fungerer stort sett godt.

Verneområdestyret er stort sett godt nøgd med ordninga der statsforvaltaren i Vestland er arbeidsgjevar for forvaltarane. Det har vore nokon utfordringar med varierende oppfølging frå arbeidsgjevar, der styret i større grad har måtta støtta den tilsette, samt utfordringar med låg bemanning. Men dette er utfordringar som let seg løyse innanfor dagens modell. Me er usikre på om forslaget om å samle arbeidsgjevaransvaret hos færre statsforvaltarar vil bidra til betre måloppnåing.

- Er det eit godt dokumentert behov for større endringar?
- Kan sentralisering gje større avstand og svekke lokal forankring?
- Kan utfordringane løysast innanfor dagens struktur?

Styra ser det som veldig viktig at den lokale forankringa ikkje blir svekka. Det er og viktig at avstanden mellom arbeidsgjevar og tilsett ikkje blir for stor, og at eksisterande godt samarbeid mellom forvaltarane blir vidareført. Samtidig viser erfaringar frå Vestland at mange verneområdeforvaltarar i same fylke gir gode samarbeidsløysingar. For Vestland sin del trur vi at både alternativ 1 og alternativ 2 vil fungere godt. Alternativ 2 kan nok svekke tilknytninga til kommunane og den lokale statsforvaltaren, og uttalane frå dei verneområdestyra der dette kan bli aktuelt bør difor tilleggjast vekt. Styra meiner og at det er avgjerande å lytte til forvaltarane i denne saka.

Dei forbetringpunkta som blir lagt fram i alternativ 1 trur vi vil løyse det meste av dagens utfordringar, og bidra til målet om meir heilskapleg forvaltning.

Av forbetringstiltaka som blir lagt fram meiner vi det er spesielt viktig at ein får på plass eit tydelegare skilje mellom verneområdestyret og statsforvaltaren i dokumentforvaltninga. Det er viktig å få synleggjort at det er verneområdestyret som er avsendar når forvaltar sender ut



forvaltningsvedtak og andre saker på vegne av styret. Det bør på plass eiga e-postadresse for verneområda. Dette vil gje tydelegare kommunikasjon mot publikum og mot andre aktørar i forvaltninga.

Styra ser positivt på forslaget om å gje arbeidsgjevar auka fleksibilitet i bruk av forvaltarressursar mellom dei ulike verneområdestyra. Vi har sjølv erfaring med kor viktig det er å kunne bruke forvaltarar frå andre område når eigne forvaltarar plutselig blir sjuke eller har permisjon. Då er slik fleksibilitet avgjerande for å få kontinuitet i styrearbeidet. Men det er viktig at styret vert haldne orienterte om slike avgjersler. Ein styrking av statsforvaltarembeta med ein eigen stilling for oppfølging av forvaltarane vil også vere med og bidra til å sikre kontinuitet og god opplæring ved skifte i forvaltarstillingane. Ei slikt tettare oppfølging vil vere viktig når forvaltarane skal kunne jobbe for andre verneområdestyrer også.

Styra ser viktigheita av at forvaltarane har gode faglege nettverk. Forslaget om innføring av "Forvalterskolen" vil sikre betre og meir systematisk- opplæring, og faste møtepunkt ved forvaltarsamlingar vil bidra til fagleg utvikling og meir einskapleg forvaltning gjennom erfaringsutvekslingar. I enkelte saker treng forvaltarane juridisk bistand i saksbehandlinga, det er viktig at slik bistand blir styrka, enten via fagmiljøet hjå Statsforvaltar eller i Miljødirektoratet. Det er også positivt med ein tydeleggjering av rollene rundt fagleg oppfølging av forvaltarane da dette no er noko utydeleg.

Det er uansett viktig at den modellen som blir valt blir følgt opp med tildeling av tilstrekkeleg midlar til å gjennomføre tiltaka. Tildeling per forvaltarstilling bør aukast til minst 1,3 millionar og øyremerkast i Statsbudsjettet (Prop. 1S).

## **Dokument i saka**

- Høyringsdokument på Miljødirektoratet si nettside 14.04.26, med høyringsfrist 22.05.26. Utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltere - miljødirektoratet.no
- Innspel frå Nærøfjorden verneområdestyre og Stølsheimen verneområdestyre – utredning av organisering av verneområdeforvaltere, datert 23.01.2025
- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62

## **Saksopplysningar**

Dagens forvaltningsmodell for nasjonalparkar og andre store verneområde vart etablert i 2010. Det er i dag 49 nasjonalpark-/verneområdestyre som har delegert forvaltningsansvar. Det er per 1.1.2026 totalt 69 verneområdeforvaltarar fordelt på dei 49 styra. Forvaltarane sit på lokale forvaltningsknutepunkt.

I 2014 gjorde Riksrevisjonen ei undersøking av forvaltninga av nasjonalparkane. Der vart det peika på ein del forbetningspunkt i dagens organisering. I 2021 vart det gjennomført ein evaluering av forvaltningsmodellen med nasjonalpark- og verneområdestyrer. Konklusjonen var at ordninga verken hadde styrka eller svekka ivaretakinga av verneverdiane og KLD avgjorde å vidareføre ordninga.



Miljødirektoratet fekk i mars 2025 oppdrag frå Klima- og miljødepartementet om å gjennomgå organiseringa av verneområdeforvaltarane og anna organisering, og vurdere eventuelle endringar for å styrke forvaltninga av verneområda. Oppdraget er avgrensa til å gjelde organiseringa, og gjeld ikkje sjølve forvaltningsmodellen.

Verneområdestyra for Nærøyfjorden og Stølsheimen gav i januar 2026 felles innspel til utredningsarbeidet.

Miljødirektoratet har no utgreidd 4 alternative løysningar, som er sendt på høyring til aktørane i forvaltningsmodellen.

1. Behalde dagens ordning, men sjå på forbetningspunkt i denne
2. Samle arbeidsgjevaransvaret hjå nokre få Statsforvaltarar
3. Samle arbeidsgjevaransvaret hos Miljødirektoratet
4. Opprette ein eigen organisasjon med eigen leiging, der fellestenester vert handtert av direktoratet

I alternativ 1 vert det føreslått å vidareføre dagen ordning med 9 forbetningspunkt/tiltak:

1. «*Økning av kapasitet og ressurser hos statsforvalterne*
  - a. *Økt tildeling per forvalterstilling (eksisterende stillinger fra før 2024)*
  - b. *Synliggjøre øremerking av midler per forvalterstilling i Prop. 1S*
  - c. *Tilføre midler til embeter (med mer enn 10 forvaltere) for å ansette dedikert seksjonsleder med personal- og fagansvar. I embeter med færre forvaltere foreslår vi å tilføre midler til en forvalterkoordinator som skal bistå på tvers av forvaltere/styrer med faglig rådgiving og bistand i oppgaver. Personalansvaret må da fremdeles ligge hos en leder hos statsforvalteren.*
2. *Klargjøring av roller internt blant aktørene knyttet til faglig oppfølging av forvalterne*
3. *Klarere skille mellom arbeidsgiver og styret i dokumentforvaltning*
4. *Gi arbeidsgiver økt fleksibilitet i bruk av forvalterressurser mellom styrer.*
5. *Innføring av "Forvalterskolen"*
6. *Faste intervaller på forvaltersamlinger*
7. *Endringer på forvaltningsknutepunkter*
8. *Formalisere samarbeid mellom forvaltning og besøkssentre*
9. *Legge til rette for SNOs tilgang til forvaltningsknutepunktene»*

I alternativ 2 skal desse tiltaka også vere med, men i tillegg vil ein samle arbeidsgjevaransvaret på eit fåtal statsforvaltarar.

Miljødirektoratet har tilrådd organisering av alternativ 2, etter slike føringar:

- Samle forvaltarane på 3-5 embete
- Samling av forvaltarane slik at et embete har minimum ti forvaltarar tilsett
- Fellestenester ligg hjå statsforvaltarane som tidlegare

I alternativ 2 vert det føreslått å flytte fleire forvaltarar til statsforvaltaren i Vestland. Den nye samansetninga er foreslått å vere dagens forvaltarar pluss forvaltarar frå Geiranger-Herdalen (1), Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde (3).



Tilrådinga om å samle forvaltarane i færre embete (alternativ 2) er grunngeve slik:  
*«Alternativ 2 og en samling av arbeidsgiveransvaret hos færre embeter, styrker muligheten til å utvikle mer enhetlige kompetansetiltak i form av å kunne etablere felles rutiner og opplæring i færre embeter som igjen vil gi færre ulikheter. Det samme gjelder muligheten for større grad av systematisk oppfølging og utvikling og etablering av fagfellesskap/nettverk. Gode nettverk mellom forvalterne i embetet er det som trekkes frem som særlig positivt blant forvalterne som gir gode skussmål til dagens organisering og vi mener det derfor er viktig å legge til rette for slike nettverk. Det mener vi forenkles ved å ha et større antall forvaltere samlet under et embete og en dedikert ledelse som kan legge til rette for dette.»*

## **Vurdering**

Dei forbetningspunkta som blir lagt fram i alternativ 1 vil kunne løyse det meste av dagens utfordringar, og bidra til målet om meir heilskapleg forvaltning. For verneområdestyra som er lokalisert i Vestland vil det vere liten forskjell mellom alternativ 1 og alternativ 2.

Dagens tilknytning til statsforvaltaren vil kunne gi nødvendige støttesystem og fungerer alt såpass godt at å flytte arbeidsgjevaransvaret til miljødirektoratet eller å etablere ein heilt eigen organisasjon verkar unødvendig. Det er difor ikkje lagt stor vekt på alternativ 3 og 4.